

NotatDato: 27.10.2016
Arkivsak: 2014/12694-6
Saksbehandlar: johmeye

Til: Administrasjonsutvalet

Frå: Fylkesrådmannen

Status inntak av lærlingar og lærekandidatar til fylkeskommunen i rolla som opplæringsbedrift

HR-direktøren har fått i oppdrag å koordinere inntaket av, og legge til rette for eit allsidig opplæringsløp for lærlingar og lærekandidatar med verknad frå hausten 2016. Målsetjinga er å ha omlag 30 lærlingar i gang med opplæring.

Det vert og arbeidd med å legge tilhøva til rette for at tilsette som ønskjer å gjennomføre fagprøve som praksiskandidat innan dei faga der vi er godkjent som opplæringsbedrift, kan gjøre dette. Pr i dag er følgjande status:

Barne- og ungdomsarbeidarfaget:	2 lærlingar 1 lærekandidat
Byggdriftarfaget:	2 lærlingar
Dataelektronikarfaget	3 lærlingar
IKT-servicefaget	12 lærlingar
Institusjonskokkfaget:	1 lærling 1 lærekandidat
Kontor- og administrasjonsfaget:	7 lærlingar

Fylkeskommunen har i tillegg godkjenning i samsvar med opplæringslova for å ta inn lærling innan hestefaget og innan tømrarfaget. Vi arbeidar med å få inn lærlingar her. Fylkeskommunen har søkt om godkjenning som læreverksemd i reinhaldsoperatørfaget for å kunne ta inn lærlingar i faget, samt å legge opp til at eigne tilsette kan få gjennomført fagprøva som praksiskandidat.